

Til:

Abdulbari Nihad Dino
Anette Pettersen
Bergljot Brekken
Eilen Refvik
June Stensland
Karina Kvia Varhaug
Mira Njærheim Nord-Varhaug
Ragnvald Riis
Synnøve Veien
Torben Ueland Håland

Lodevegen 43

4365 NÆRBØ

Dykkar ref.

Vår ref.
23/4898Arkivkode
035 A20Dato
13.02.2023**Nærbø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 09.02.2023**

Dato: 09.02.2023

Tid: kl. 19.30 – 20.30

Desse møtte: Bergljot Brekken, Mira Njærheim Nord-Varhaug, Synnøve Veien, Anette Pettersen, Ragnvald Riis, Heidi Ånestad, Karina Varhaug, Linda Hadland Forsmo

Forfall: Eilen Refvik, June Stensland, Torben Ueland Håland, Abdulbari Nihad Dino

Saker:**1/23: Godkjenning av saksliste**

Godkjent

2/23: Godkjenning av [referat](#)

Godkjent

3/23: Kort oppsummering frå tilbakemeldingsmøte på førebels rapport frå Statsforvalteren på tilsynet “Skulebasert vurdering”.

I førebels rapport kjem det fram at Nus gjer mykje bra, men har noko å forbetre. Statsforvaltaren informerte om at Nærbø ungdomsskule er ein av skulane med minst funn dei seinere åra. Som er positivt.

Dette skal NUS forbetre:

- Snevre inn mål i ny utviklingsplan. Ha mål som er lette å evaluere. Må velge det skulen må/treng arbeide mest med.
- I utviklingsarbeidet: Må evaluere gjennomført arbeid, ta opp igjen, tilpasse, følg opp, gå meir i dybden (kvalitetssirkelen).

- Finne målbare/evaluerbare tiltak å arbeide med i utviklingsarbeidet.
- Passe på at alle trinn arbeider likt med resultatene frå den lokale elevundersøkelsen som er utarbeida på skulen.
- Må ha ein breiare prosess i utarbeiding av nye mål i utviklingsplanen - manglar at foreldra (FAU) er meir med. Ikkje bare informere om prosessen som er gjennomført på skulen, men involvere dei og i ein prosess.

Skulen har sendt inn tilsvar på rapporten i det skulen ikkje er samde i. Ventar nå på endeleg rapport.

4/23: Resultat [nasjonal prøve](#) i lesing 8.trinn. Etter justeringa udir måtte rette opp i.

Etter justeringa ligg framleis 8.trinn på nasjonalt snitt (50) i lesing.

5/23: Resultat [elevundersøkinga](#).

Skulen er godt nøgde med resultatene på elevundersøkinga på 10.trinn. Det er dette resultatet som blir offentleggjort. Skulen har hatt sterkt fokus på å bli betre på elevmedverknad. Resultatet på 10.trinn på dette området er svært bra. Resultatet på dette området er bra på samtlege trinn, alle ligg over nasjonalt snitt.

Resultatet på 9.trinn har som forventet ikkje like godt som på 10.trinn. Det er nokon områder som ligg under nasjonalt snitt på dette trinnet. Desse tek skulen tak i.

Det er eit godt resultat på 8.trinn. Desse er på landsnitt eller over på alle områder utanom ett.

6/23: Skuleruta: <https://www.ha.no/skule/skulerute/>. Litt endring grunna studietur for tilsette på NUS i nov.

FAU har innvilga å gjere ei endring i skuleruta til Nærbø ungdomsskule grunna studietur for dei tilsette. Elevane har allereie fri 17.11.23. På Nus skal dei i tillegg ha fri 16.11.23, og ta igjen denne dagen 02.01.24.

7/23: Tilbakemelding om trafikkobservasjonen til politiet.

To frå politiet stod utanfor skulen i desember-22, ved gangoverfeltet der elevane krysser vegen for å kome til skulen. Politiet opplevde stort sett fin ferdsel, men måtte gi beskjed om manglande lys på syklande og refleks.

8/23: Evaluering Juleball ([mappa](#))

Ballet gjekk veldig godt. Gode tilbakemeldingar på oppføring. Billettsystemet må bli bedre til neste år. Kanskje bruke stempel på handa?

Tilbakemeldingar frå elevar om at fire timar var for lenge. Kanskje nok med tre timar igjen til neste år? Bra at ballet ligg på ein vekedag.

Det var greit å vera i gamle hallen. Komiteen har gjort en god jobb.

9/23: Orientering frå politisk representant.

Tilstandsrapporten for Jærskulen blir gjennomgått med politikarane i utvalet for alle jærkommunane i Jærskulen i neste veke.

10/23: Eventuelt

- Kommunestyret bestemte 15.12.22 at varmen skulle setjast ned med 1 grad i alle offentlege bygg frå 01.01.23.
- Visma - innsyn for føresette. Er dette eit ønske at føresette får? Kan oppleve at manglande innsyn hindrar skule-heim samarbeidet. Elevane treng ikkje innsyn.

Graden av kor tilgjengeleg ein ønsker visma skal vera, bestem kvar kommune sjølv. FAU og SU ønsker å ha med ein FAU representant i evalueringa som skal gjennomførast i løpet av 2023.

Referent: Linda Hadland Forsmo

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
administrasjonskonsulent

Kopi til:

Linda Hadland Forsmo
Rune Roaldsen
Waldemar Pettersen

kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur